



# KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL VINJE KOMMUNE

2022 – 2035

Vedteke i kommunestyret, 01.06.23, sak 54/23



## **Innhald**

|  |    |
|--|----|
| Visjon: Vinje utfordrar framtida.....                    | 3  |
| Vinje – ein god stad å vera for alle.....                | 5  |
| Vinje - med naturen som berekraftig ressurs.....         | 9  |
| Vinje – kompetansecommunen.....                          | 12 |
| Korleis bruke kommuneplanens samfunnsdel .....           | 13 |
| Kommuneplanen er eit styringsverktøy .....               | 13 |
| Tilhøve mellom FNs berekraftmål og kommunale planar..... | 13 |

## **Visjon: Vinje utfordrar framtida**

Vinje kommunes visjon er «**Vinje utfordrar framtida**». Denne visjonen er vidareført frå førre kommuneplan.

Visjonen viser til haldningane og ambisjonane for kommunen og samfunnet. Måla og strategiane i samfunnsdelen skal byggje opp under visjonen.

### **Vinje utfordrar framtida**

- Me arbeider for å nå FNs berekraftmål - eige dokument som vedlegg
- Me arbeider med å klimatilpassa kommunen, samt å bidra til å nå dei regionale klimamåla
- Me arbeider for å auke innbyggjartalet i kommunen
- Me skal stå fram med eit aktivt, framtidsretta næringsliv
- Me arbeider helsefremjande i alle sektorar, einingar og planar, med folkehelse som overordna prinsipp
- Me støttar eldsjelene og dei som ønskjer å få til noko
- Me er i forkant og tek initiativ
- Me grip sjanske som byr seg
- Me tek i bruk teknologiske løysingar
- Me ønskjer busetting i heile kommunen

### **Menneska i Vinje er den største ressursen**

Dei trivelege lokalsamfunna i Vinje blir skapt av oss som er her – både dei av oss som bur her fast og dei som er her periodevis, som hyttefolket. Engasjement og menneske som ønskjer å bidra eller skape noko gjev levande bygder, grender og møteplassar. Difor skal kommunen vera imøtekommande til eldsjeler og dei som ønskjer å få til noko.

Innbyggjarar som er livskraftige og glade får overskot, kan utføre daglege rutinar og treng mindre helsehjelp. Alt me gjer i kvardagen kan i større eller mindre grad påverke helsetilstanden, og difor skal kommunen leggje rette for at innbyggjarane kan gjera gode og helsefremjande val. Folkehelse skal vera eit prinsipp i alt kommunen gjer.

### **Verda og Noreg endrar seg fort**

Reformer, strukturendringar og andre hendingar (til dømes flyktingstraum) vil det alltid vera i eit samfunn. Av og til kjem det overraskande, av og til er det spådd.

Verdas utfordringar når også Vinje. Difor må vi ta omsyn til FNs berekraftsmål.

Teknologiutviklinga har ført til at desse endringane stadig skjer fortare, og femner vidare. Skal Vinje kunne utfordre framtida, så må også Vinje henge med i utviklinga og vera rusta til å snu seg rundt.

Difor må kommunen kunne :

- Vera i forkant og ta initiativ
- Gripe sjanske som byr seg
- Ta i bruk teknologiske løysingar
- Arbeide for å oppnå berekraft innan alle område

### **Berekraft – definisjon:**

Berekraft er ei utvikling/levemåte der me møter dagens behov utan å øydelegge høve for komande generasjonar til å dekke sine behov.

Diskusjonen om berekraft handlar om å kjempe mot miljøproblem, fattigdom og naud. Berekraft er definerte som eigne mål i FN's berekraftmål.

## Hovudsatsingsområde:

### Vinje – ein god stad å vera for alle

Desse berekraftsmåla blir ivareteke:



I 2035 er  
samfunnet i  
Vinje  
inkluderande og  
engasjerende

Det betyr at:

- Me stimulerer til deltaking i frivillig arbeid til gjensidig glede og meining for alle partar
- Me stimulerer til samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivillige organisasjoner noko som fører til auka engasjement
- Me arbeider systematisk mot mobbing
- Me har gode møteplassar
- Me tek i mot nye tilflyttarar og inkluderer flyktningar med informasjon og gode tilbod
- Me gjer gode kultur-, idretts- og fritidstilbodet tilgjengeleg for alle
- Me legg til rette for utøving av alle ulike religionar og livssyn.

I 2035 er Vinje  
kommune ein  
bruksvenleg  
kommune

Det betyr at:

- Kommunen si rolle er å rettleie innbyggjarane. Dei som tek kontakt med kommunen får hjelp og blir tekne på alvor
- Informasjonsteknologi skal gjera kommunale tenester tilgjengelege for alle
- Me skal sikre involvering og brukarmedverknad i tenesteutvikling og planlegging - også med barn og unge

# I 2035 har Vinje eit utbyggings- mønster som styrkjer busetnaden og skapar trivelege sentrum

## Det betyr at:

- Me legg til rette for ein senterstruktur med Åmot som kommunesenter og Rauland og Haukeli/Edland som lokalsenter
- Kommunesenteret har funksjon som lokalsenter, tillegg til at det helsefaglege tyngdepunktet og kommuneadministrasjonen er lokalisert her
- Ungdomsskular, kulturbygg, idrettsanlegg, desentraliserte helsetenester, omsorgsbustader og hovudtyngda av nye handels- og tenestetilbod skal ligge i lokalsentera
- Det er byggjeklare tomter i ulike delar av kommunen, og høve for spreitt bustadbygging i grendene
- Me ønskjer busetting i alle grender, og legg til rette for at eksisterande bustader i alle grendene skal nyttast til føremålet
- Større utbyggingar skal vera knytt til kommunal infrastruktur
- Frå sentrumsnære byggjefelt skal det vera mogleg å gå/sykle/sparke til handelstilbod og daglege offentlege tilbod. Gang- og sykkelvegar skal vera universelt utforma
- Me støttar initiativ til å skape møteplassar og sosiale samlingspunkt
- Det skal vera eit godt og variert bustadtilbod med universelt utforma bustader, og buformer som er tilpassa brukarar med ulike behov - i alle aldersgrupper

**I 2035 skal me  
ha nådd  
klimamål  
frå klimaplanen -  
me skal vere ein  
klimatilpassa og  
robust kommune**

Det betyr at:

- Me skal redusere CO<sub>2</sub>-utslepp i tråd med eiga målsetting innan 2030
- Me skal ha fokus på fornybar energi
- Me skal i størst mogleg grad handle lokalt
- Me skal bli ein Miljøfyrtårncommune
- Me skal drive energieffektivt vedlikehald og oppgradering av eksisterande bygningar
- Me skal syte for at nye bygg i hovudsak er i tre eller nyttar mest mogleg klimavenlege alternativ

**I 2035 skal flest  
mogleg,  
uavhengig av  
alder og  
funksjonsnivå,  
bu heime så  
lenge som  
mogleg**

Det betyr at:

- Helse- og omsorgstenestene skal vera organisert og dimensjonert i tråd med utvikling og utfordringar innan fag, teknologi og samfunnsutvikling
- Kommunen har utforma ein politikk som gjer friviljuge til sentrale bidragsytarar
- Me har eit godt og variert bustadtilbod tilpassa ulike livssituasjonar
- Det er eit tverrfagleg fokus på førebygging, tidleg innsats, god oppfølging og eigenmestring gjennom heile livsløpet

**I 2035 er Vinje eit  
aldersvenleg  
samfunn**

Det betyr at:

- Me skal legge til rett for at eldre (over 65 år) skal få bruka sine ressursar og få dekka sine behov i dei ulike fasane av alderdomen
- Alle skal kunne leve gode liv og delta i fellesskapen.

**I 2035 har barn og  
unge trygge  
oppvekstvilkår  
og gode,  
utfordrande  
leike- og  
mestringsarenaer**

Det betyr at:

- Me legg til rette for læring gjennom utforsking og leik
- Me samarbeider fleirfagleg om tidleg innsats for å fremje helse, førebygge psykiske lidningar, vald og rusmisbruk samt hjelper born, unge og foreldre med særlege utfordringar og hjelpebehov
- Den einskilde si identitet og kultur vert nytta som ei kjelde til læring, leik og meistring
- Me skapar haldningar som fremjar inkludering, mangfald og gjensidig respekt
- Me legg til rette for at bygg og arenaer er tilgjengelege for alle, uavhengig av funksjonsevne
- Me legg til rette for at alle fullfører grunnskulen og vidaregåande opplæring
- Ungdommar har engasjerande stader å møtast

**I 2035 er det lett å  
etablere og drive  
nærings-  
verksemder i  
Vinje**

Det betyr at:

- Lokale verksemder skal få relevant informasjon og rettleiing frå kommunen
- Arealkrevjande næringsareal er lokalisert i nærleiken av hovudvegar
- Sentera i kommunen har tilgang til areal for handel, tenester og kontor, til dømes næringshagar
- Tilgjengeleg næringsareal er vist i arealplanane

**I 2035 skal det  
systematiske  
arbeidet med  
samfunns-  
sikkerheit sikre  
trygge lokal-  
samfunn**

Det betyr at:

- Beredskapsplanar på alle nivå er godt kjende, og me har systematisk fokus på roller, ansvar og øvingar
- Kommunen har oversikt over, og reduserer risiko og sårbarheit gjennom oppdaterte risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS)
- Me har gode rutinar for samarbeid med private og offentlege beredskapsaktørar

- Det blir satsa på kriminalitetsførebyggande arbeid i samarbeid med skulane, politiet, heimane og fritidsaktivitetane
- Arealforvaltinga tek omsyn til område som er utsett for særleg risiko
- Me legg til rette for at alle har trygge skule- og fritidsvegar

## Vinje - med naturen som berekraftig ressurs

Desse berekraftmåla blir ivareteke:



**I 2035 er naturen  
i Vinje grunnlag  
for berekraftige  
verksemder**

Det betyr at:

- Me arbeider for at verdiane frå kraftproduksjonen framleis kjem innbyggjarane til gode, samstundes som omsynet til naturmangfold vert ivareteke
- Me har fokus på eit allsidig landbruk. Dette er basera på god utnytting av lokale ressursar, lokal kunnskap og god agronomi. Skal legge vekt på fornybar energi til oppvarming av fjos og driftsbygninga
- Me arbeider med å ivaretaka viktig natur og økosystemtenester
- Me arbeider med å forvalte dei lokale viltressursane på ein god måte

- Vinje er ein leiande turistkommune som brukar naturressursane og kulturarven til å auke verdiskapinga innan reiseliv og besøksnæring
- Vinje nyttar status som nasjonalparkkommune som del av reiselivsstrategien. Tilrettelegging skal i all hovudsak skje i randsona, ikkje i parken
- Møsvatn står på Unesco si verdsarvliste i samband med industrihistoria i Telemark. Dette skal forvaltast og formidlast på ein slik måte at ein tek vare på lokalsamfunnet på Mösstrond, sikrar kulturlandskapet og skaper arbeidsplassar
- Rauland og Vågsli er satsingsområde for reiseliv. Med satsingsområde meiner me tett hytteutbygging med lågt miljøavtrykk, tilkopling til kommunal infrastruktur og tilrettelegging av fellesgode som løypenett og andre kvalitetar som gjer satsingsområdet til ein attraktiv destinasjon
- Hytteutbygging utanfor satsingsområda skal vera mindre i omfang, og ta meir omsyn til grendeutvikling og landbruk, i tillegg til friluftsliv og natur

**I 2035 er det god  
tilgang til  
friluftsområde  
og eit godt  
friluftstilbod  
både for  
innbyggjarar og  
besökande**

Det betyr at:

- Me sikrar og legg til rette for stiar, løyper og tilkomst til viktige friluftsområde gjennom samarbeid med grunneigarar og organisasjonar
- Me gjer naturopplevingar tilgjengelege for alle, også dei med nedsett funksjonsevne, ved å leggje til rette for god tilgang til eit variert friluftsliv i nærområda til lokalsentera
- Omsynet til verneområda, landbruk, villrein og jakt skal vektleggjast

**I 2035 er  
naturmangfaldet  
godt ivaretake  
og utviklinga er  
klimavenleg**

Det betyr at:

- Utmarksforvaltinga er kunnskapsbasert
- Me sikrar levedyktige villreinstammer
- Me arbeider med å ha god økologisk miljøtilstand i vassdraga og nå miljømåla i regional

vassforvaltningsplan. Me opprettheld krav til minstevassføring og magasinrestriksjonar i regulerte vassdrag

- Me har eit landbruk med beitedyr som held oppe det verdifulle kulturlandskapet
- Me arbeider med å ivareta viktig natur og økosystemtenester i arealplanlegginga – dette avgrensar effektane av klimaendringar, og kan bidra til å skape ein klimarobust kommune (t.d. myr, skog og beitemark)
- Me vektlegg omsyn til ureining, støy, energiforbruk, naturmangfold, klimatilpassing og CO<sub>2</sub>-utslepp, både i planar, innkjøp og kommunal verksemd
- Me legg til rette for at folk vel å gå, sykle eller sparke i staden for å ta bilen
- Me set av areal til høgfartsbane i arealplanlegginga
- Me legg til rette for ombruk av produkt samt reduksjon av avfallsmengde

## I 2035 har Vinje god kompetanse innanfor lokal matproduksjon, turisme og natur/miljø

### Det betyr at:

- Me samarbeider med andre fjellregionar og relevante nettverk for å utveksle kompetanse og fremje felles interesser
- Me har tett samarbeid Universitetet i Sørøst-Norge og studiestad Rauland for å skape eit breitt og ettertrakta studiemiljø – dette skjer gjennom utviklingsprosjekt samt å bringe forsking inn i forvaltinga og næringslivet
- Me arbeider for å kople forsking, næringsliv, utmarksforvalting og realkompetanse i kommunen
- Me skal arbeide med å fremje lokal matproduksjon og nytte mest mogleg lokalprodusert mat og varer i kommunale verksemder
- Me skal legge til rette for samarbeid mellom reiseliv og landbruk for å fremje produksjon og omsetting av lokalmat

# Vinje – kompetansekommenen

Desse berekraftmåla blir ivareteke:



I 2035 har tilsette i  
Vinje kommune  
rett og oppdatert  
kompetanse

Det betyr at:

- Kommunen leverer kunnskapsbaserte tenester, utøver god service og godt skjønn, samt har fokus på etisk refleksjon i all tenesteyting
- Kommunen jobbar aktivt med å rekruttere naudsynt kompetanse
- Kommunen legg til rette for etter- og vidareutdanning i samsvar med tenestebehov
- Kommunen styrker utvikling av kunnskap ved å leggje til rette for intern og ekstern hospitering og lærlingplassar

I 2035 er Vinje ein  
aktuell kommune  
for lokalisering av  
kompetanse-  
arbeidsplassar

Det betyr at:

- Me er ein naturleg samarbeidspart og rettleiar i samband med nyetableringar, og er tydelege på kva rammer som gjeld
- Me legg til rette for nyetableringar og utvikling av eit variert næringsliv med god kompetanse
- Me legg til rette for at lokale verksemder får tilgang til kurs, rådgjeving og andre kompetansehevande tilbod
- Me har kapasitet til å ta i mot nye bedrifter
- Me stimulerer til samlokalisering av fagmiljø og arbeidsplassar
- Me står infrastrukturtiltak som fører til at Vinje blir del av ein større arbeidsmarknadsregion

**I 2035 er Vinje  
kommune ein  
bidragsytar for å  
styrke Vest-  
Telemark som  
region.**

Det betyr at:

- Me bidreg i interkommunale samarbeid og nettverksbygging
- Me arbeider for at viktige funksjonar som arbeidsplassar, offentlege institusjonar, arbeidsoppgåver blir lokalisert til Vinje eller til regionen
- Me utvekslar erfaring og kompetanse med dei andre kommunane i Vest-Telemark
- Me informerer og oppdaterer innbyggjarane om det som går føre seg i kommunen/regionen

**I 2035 samarbeider  
Vinje med andre  
kommunar,  
regionar, relevante  
organisasjonar og  
private aktørar**

Det betyr at:

- Me styrkar samarbeid og nettverksbygging med andre regionar og kommunar, både nasjonalt og internasjonalt, til gjensidig nytte
- Me samarbeider med private og offentlege aktørar for å utvikle kompetanse og teknologi
- Verdsarvsområdet gjev tilrettelagte tilbod og kunnskapsformidling om Møsvatn og Møsstrond

## Korleis bruke kommuneplanens samfunnsdel

### Kommuneplanen er eit styringsverktøy

Kommuneplanen er eit verktøy for å legge til rette for ønska samfunnsutvikling, arealforvalting og tenesteproduksjon. Den legg såleis føringar ved utarbeiding av kommunedelplanar og temaplanar.


### Tilhøve mellom FNs berekraftsmål og kommunale planar

FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

FNs berekraftsmål skal, saman med kommuneplanens samfunnsdel, gje føringar for målsettingane i alle kommunedel- og temaplanane.

Ein samla kommuneplan har ein samfunnsdel og ein arealdel. Til saman set dei kursen for utviklinga i kommunen, både for samfunnet, for arealbruken og i kommuneorganisasjonen.

Samfunnsdelens hovuddokument er langsiktig og har ingen konkrete tiltak. Den konkrete oppfølginga skal stå i handlingsdelen, som skal samordnast med kommunen økonomiplan og reviderast årleg.



Plansystemet i Vinje er sett i hop av 3 plannivå:

1. Kommuneplan
2. Kommunedelplanar
3. Temaplanar og reguleringsplanar

**Kommunal planstrategi** viser kva planar som kommunen skal arbeide med i kvar kommunestyreperiode. Planstrategien er ikkje ein plan, men ein oversikt over planar i kommunen, og kva planarbeid som skal prioriterast. Denne strategien kan endrast når som helst, men det skal vera eit nytt vedtak seinast eitt år etter kommunevalet.